Tøm skjema

# Erklæring frå attlevande ektefelle som gjev opp å være einearving etter reglane om minstearv i arveloven § 6

Til tingretten/byfogden i

| Namnet til avdøde | Fødselsnr. (11 siffer) | Dato for dødsfallet |
|---|---|---|
| Bustadadresse | Postnr. | Poststad |
| Namnet til attlevande ektefelle | Fødselsnr. (11 siffer) | |
| Bustadadresse | Postnr. | Poststad |

**Oppgåve over formue og gjeld i dødsbuet**

| | | Skildring av formuen/gjelda | Formuen til attlevande ektefelle | Formuen til avdøde |
|---|---|---|---|---|
| A | Formuen til ektefellane fråtrekt gjeld, som skal delast likt mellom dei | | kr | kr |
| B | Særeiget til avdøde | | | kr |
| C | Verdiar som ikkje skal delast fordi verdiane tilhøyrde avdøde<br>1) frå før inngåing av ekteskapet | | | kr |
| | 2) gåver/arv teke i mot under ekteskapet | | | kr |
| | 3) av andre grunnar | | | kr |
| D | Frådrag:<br>Utgifter til gravferd<br>Andre utlegg<br>Anna | | | - kr |
| E | Nettoformuen til avdøde | | | kr |

Eventuelle supplerande opplysingar kan ein gje på eige ark.

**Underskrift**

| Stad og dato | Underskrift av attlevande ektefelle |
|---|---|
| | |

# HJELPESKJEMA TIL PRIVAT SKIFTE-
# ATTLEVANDE EKTEFELLES MINSTEARV

For å vite om attlevande ektefelle er einearving, må det føreliggje ei oversikt over storleiken på arven. I den forbindelse kan denne blanketten nyttast. I tillegg må og "Erklæring om privat skifte av dødsbu", GA-0008 fyllast ut.

Attlevande ektefelle er etter gjeldande rett sikra å arve eit minstebeløp. Dersom avdøde hadde livsarvingar (barn/barnebarn) tilsvarer minstearven 4 gonger grunnbeløpet i folketrygda (G). Dersom avdøde ikkje hadde livsarvingar er minstearven 6 gonger grunnbeløpet i folketrygda. Dette tyder at attlevande ektefelle er einearving dersom formuen til avdøde etter frådrag av gjeld og gravferds- og gravstadomkostningar ikkje overstig den aktuelle minstearven. Retten og trygdekontoret kan gje opplysingar om storleiken på grunnbeløpet i folketrygda på tida for dødsfallet.

Arven består av verdiane i dødsbuet. Til formuen til avdøde reknar ein særeiget til avdøde og vanlegvis halvparten av formuen til båe ektefellar som dei har spart opp ved eigen innsats under ekteskapet. Når ein fyller i blanketten, bør ein spesifisere formuen slik at verdien av bankinnskot, bil, eigedomar, lausøyre og annen formue blir gjevne opp kvar for seg.

**Post A**
Posten gjeld den formuen som var eigd av ektefellane og som skal delast likt mellom dei. Formuen til attlevande ektefelle skal ein halde utanfor dødsbuet, men bør gjevast opp for å syne at det er tatt omsyn til han. Gjeld som ikkje er knytt til formue som er særeige skal ein gjere frådrag for. Dersom lånet er teke opp av ektefellane i fellesskap, skal det delast mellom dei.

**Post B**
Her gjev ein opp særeiget til avdøde.

**Post C**
Etter den nye ekteskapslova av 1991 kan verdiar som klårt skriv seg frå det som er igjen av det kvar ektefelle hadde av formue då dei gifte seg og det kvar av dei har teke i mot av arv eller gåve under ekteskapet, haldast utanom likedelinga når dette ikkje fører til eit openbart urimeleg resultat. Etter loven skal desse verdiane ikkje delast og beløpet skal følgjeleg gjevast opp som formuen til avdøde. Særtrykk av ekteskapslova kan ein kjøpe i bokhandelen, eller finne på www.lovdata.no.

**Post D**
Utlegg som utgifter til gravferd og rekningane til avdøde som er betalte etter dødsfallet skal ein ta med. Desse skal ein gje opp i på avdøde. Det same gjeld gjelda knytt til særeiget til avdøde.

**Post E**
Post A + B + C - D